

Kvartalsrapport

3-2017



Foto: Gudny Gustavsen Nysveen

SpareBank  
HALLINGDAL VALDRES



# Kommentarar 3. kvartal 2017

## Konsernet

Konsernet si hovudverksemd omfattar følgjande område:

- Bankverksemd
- Egedomsmevling
- Rekneskapsføring og økonomisk rådgjeving.

Alle desse områda er konsesjonspliktige.

I tillegg driv konsernet med egedomsutviking og investeringsverksemd. Den samla verksemda blir utført av morselskapet og 5 heileigde dotterselskap.

Konsernrekneskapan omfattar også to felleskontrollerte verksemdar inn mot SpareBank 1-Alliansen.

Konsernet har eit resultat etter skatt på 98,6 mill. kroner. Dette er 9,7 mill. over resultatet per 3. kvartal i fjor.

## Bankverksemda

Bankverksemda blir drive av morbanken SpareBank 1 Hallingdal Valdres. I kvartalet har verksemda hatt 84 årsverk.

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 3. kvartal på 122,3 mill. kroner som svarar til 1,75 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 36,9 mill. over tilsvarande periode i fjor, og kan forklarast med fleire eingongseffektar omtala nedanfor.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 130,8 mill. kroner og er 14,7 mill. over tilsvarande periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 3. kvartal på 1,87 %.

I same periode i fjor var rentenettoen 1,75 %. Det er hittil i år kostnadsført 3,7 mill. i sikringsfondsavgift. Årsavgifta er periodisert slik at dette utgjer ¾ av årleg avgift.

Netto andre driftsinntekter utgjer 118,4 mill. kroner mot 87,4 mill. i same periode i fjor. Auken på 31 mill. kroner skuldast to tilhøve. I mars vart det gjort eit bytte av fondsandelar som gav ein kursgevinst 12 mill. kroner. I tillegg har banken motteke eit ekstraordinært utbytte frå Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS i samband med omlegging av tidspunkt for utbyttebetaling. Dette utgjer 23,9 mill. kroner. Begge desse inntektene er eingongseffektar.

Driftskostnadane per 3. kvartal minkar frå 104 mill. i fjor til 99,4 mill. kroner i år. Kostnadsreduksjonen kjem av fjorårets stillingsreduksjon gjennom tilbod om sluttpakker. Mesteparten av kostnaden knytt til dette tiltaket vart kostnadsført i 2016. Stillingsreduksjonen gir no reduksjon i lønnskostnadane, men innføring av finansskatten gjennom høgare arbeidsgjevaravgift for finansnæringa meir enn veg opp kostnadsreduksjonen. Så langt i år er kostnaden knytt til høgare arbeidsgjevaravgift på vel 2,3 mill. kroner.

Resultatrekneskapan viser ein netto tapskostnad på 5,7 mill. kroner mot 4,2 mill. i same periode i fjor. Tapskostnaden er på eit normalt nivå sett i høve til trenden dei siste åra. Nedskrivningar knytt til utlån er auka noko i så langt i år.

Banken har ved utgangen av 3. kvartal ein forvaltningskapital på 9,6 mrd. kroner. Forvaltningskapitalen har ein vekst på 6,5 % siste 12 månader.

Balansførte utlån samt overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt (Boligkreditt) har ein vekst frå 3. kvartal i fjor på 637 mill. kroner eller 7,1 %. Banken har overført bustadlån for i underkant av 2,2 mrd. kroner til selskapet. Dette utgjer 21,3 % av balansførte og overførte lån. Samla utlån fordeler seg med 71,5 % til privatmarknaden og 28,5 % til bedriftsmarknaden.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 3. kvartal 54,4 mill. av utlånsvolumet og er ein nedgang så langt i år. Misleghaldet utgjer med det berre 0,67 % av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 46,8 mill. kroner. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Innskota ved utgangen av 3. kvartal er på 6,9 mrd. kroner, og er ein auke på 511 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 4,0 mrd. på privatmarknaden og 2,9 mill. innafør bedriftsmarknaden. Rekna i prosent er auken siste 12 månader på 8,0 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 84,6 % mot 85,9 % for eit år sidan.

Banken har per 3. kvartal 1,3 mrd. kroner i eksterne innlån fordelt på 5 obligasjonslån på ca. 1,2 mrd. kroner samt eit banklån pålydande 100 mill. kroner. Av innlåna har 222 mill. kroner løpetid på under eit år. I 2. kvartal tok banken for første gong tatt opp eit ansvarleg lån på 60 mill. kroner for å styrke banken si kapitaldekning. Banken har i tillegg til denne finansieringa ein oppgjerskreditt på 40 mill. kroner.

## Egedomsmevling

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS og har 17,9 årsverk. Selskapet har ein leiande marknadsposisjon i Hallingdal. I Valdres er selskapet i ein utfordrarposisjon.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 3. kvartal på 3,7 mill. noko som er 0,5 mill. under tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene er 2,4 mill. over 3. kvartal i 2016. Så langt i år har selskapet omsett 435 egedomar mot 439 i same periode i fjor.

## Rekneskap og økonomisk rådgjeving

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS. Selskapet har 42,3 årsverk og er ein betydeleg aktør i Hallingdal og Valdres med kontor i 4 kommunar i Hallingdal og i 2 kommunar i Valdres.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 3. kvartal på -0,7 mill. noko som er 2,5 mill. betre enn tilsvarande periode i fjor. Selskapet har gjennomført mange tiltak på kostnadssida noko ein no ser resultat av, men resultatet ligg framleis bak målsettinga. Kjerneverksemda viser ei positiv utvikling i produksjonseffektivitet.

## Andre verksemdar

Konsernet si egedomsverksemd blir drive av dotterselskapa SpareBank 1 Hallingdal Egedom AS og SpareBank 1 ValHall Egedomsutviking AS.

SpareBank 1 Hallingdal Egedom AS driv utleige av lokale til konsernet sine verksemdar på Gol og i Hemsedal.

SpareBank 1 ValHall Egedomsutviking AS eig konsernet sine lokale på Beistølen og Heggnes, samt «veksthuset» i Hemsedal. Selskapet leiger konsernet sine lokale på Fagernes og Flå samt lokale i Menybygget på Gol.

Selskapa leverer eit resultat før skatt per 3. kvartal på 0 mill. kroner. Dette er -0,7 mill. svakare enn same periode i fjor. Selskapa har som målsetting å gå om lag i balanse.

Konsernet si investeringsverksemd blir drive av SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. Selskapet har utvikla eit tomtefelt på Flå og har kjøpt ein egedom på Geilo for vidareutvikling. Resultatet etter skatt per 3. kvartal er på -0,2 mill. kroner, noko som er 0,2 mill. betre enn i same periode i fjor. Resultatutviklinga i selskapet vil i stor grad vere avhengig av framtidig tomtesal.

## Felleskontrollert verksemd

Banken eig 7,8 % i kvar av dei felleskontrollerte selskapa Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Desse selskapa er eigd av 10 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank.

Resultatandelen frå desse verksemdene inngår i konsernrekneskapan, i tillegg til morbanken og dotterselskapa, og utgjer 23,7 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 98,6 mill.

## Kapitaldekning

Konsernet har ved utgangen av 3. kvartal ei kapitaldekning på 18,9 %. For morbanken er kapitaldekninga på 17,51 %. Kvartalsrekneskapan er ikkje revidert så resultatet hittil i år er ikkje lagt til den ansvarlege kapitalen. Banken har i år tatt opp eit ansvarleg lån på 60 mill. kroner for å styrke kapitaldekninga.

## Framtidsutsikter

Styret forventar at rentenettoen skal halde seg på dagens nivå i ei periode framover. Det gir grunnlag for framleis gode resultat, men konkurranseiletet kan endre seg raskt og redusere denne effekten.

Egedomsmarknaden har opplevd minkande sal og ein prisnedgang i sentrale strom, spesielt i Oslo-området. Så langt har ikkje dette slått inn i marknaden lokalt og det er venta at farten i lokalmarknaden vil halde seg godt ut året. Innanfor rekneskap ligg det gode mogelegheiter innan rådgjeving.

Det skjer for tida ei rivande utvikling av IT-baserte kundeløysingar. Denne utviklinga er det viktig å vere med på, men den vil drive kostnadene oppover, noko som allereie neste år vil gjere seg gjeldande.

Som tidligare nemnd forventar styret samla sett eit godt konsernresultat i 2017.

Hallingdal, 30.09.17/10.11.17

Kjell Vidar Bergo styreleiar	Kristin Ourom nestleiar	Sissel Bjørøen	Vidar Isungset
Sissel Skrindo	Tore Østlund	Gro Lundby	Ellen Intelhus
Knut Oscar Fleten adm. banksjef			

# Resultatrekneskap 3. kvartal 2017 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 16	3. kv. 16	3. kv. 17	30.09.16	30.09.17		30.09.17	30.09.16	3. kv. 17	3. kv. 16	Året 16
263 383	65 080	70 436	196 257	207 195	Renteinntekter og liknande inntekter	205 712	194 494	70 084	64 642	260 775
106 402	25 631	24 841	80 111	76 438	Rentekostnader og liknande kostnader	76 470	80 022	24 858	25 583	106 359
<b>156 981</b>	<b>39 449</b>	<b>45 595</b>	<b>116 146</b>	<b>130 757</b>	<b>Netto rente- og provisjonsinntekter</b>	<b>129 242</b>	<b>114 472</b>	<b>45 226</b>	<b>39 059</b>	<b>154 416</b>
26 808	430	179	29 497	48 845	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	24 546	33 587	7 249	8 250	42 924
71 947	18 050	20 848	54 054	58 401	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	58 401	54 054	20 848	18 049	71 947
6 103	1 580	1 347	4 565	4 393	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	4 393	4 565	1 347	1 580	6 103
8 402	3 652	757	6 811	12 749	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	12 749	6 811	758	3 652	8 402
2 727	413	788	1 621	2 818	Andre driftsinntekter	55 193	53 217	16 964	14 852	71 823
<b>103 781</b>	<b>20 965</b>	<b>21 225</b>	<b>87 419</b>	<b>118 420</b>	<b>Sum andre inntekter</b>	<b>146 496</b>	<b>143 104</b>	<b>44 472</b>	<b>43 223</b>	<b>188 993</b>
<b>260 762</b>	<b>60 414</b>	<b>66 820</b>	<b>203 565</b>	<b>249 177</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>275 738</b>	<b>257 576</b>	<b>89 698</b>	<b>82 282</b>	<b>343 409</b>
76 546	20 615	18 517	54 399	49 623	Personalkostnader	85 760	91 389	28 802	30 773	129 117
37 262	9 445	8 417	27 953	27 400	Administrasjonskostnader	27 184	28 415	8 654	10 175	36 739
4 441	1 140	1 155	3 375	3 229	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	9 836	9 165	3 483	3 059	12 612
27 848	5 647	6 515	18 275	19 146	Andre driftskostnader	26 130	25 152	8 928	7 110	40 317
<b>146 097</b>	<b>36 846</b>	<b>34 605</b>	<b>104 003</b>	<b>99 398</b>	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>148 910</b>	<b>154 121</b>	<b>49 867</b>	<b>51 117</b>	<b>218 785</b>
<b>114 665</b>	<b>23 567</b>	<b>32 215</b>	<b>99 562</b>	<b>149 779</b>	<b>Resultat før tap</b>	<b>126 828</b>	<b>103 455</b>	<b>39 831</b>	<b>31 165</b>	<b>124 624</b>
9 148	1 498	-734	4 184	5 654	Tap på utlån, garantier mv	5 654	4 184	-734	1 498	9 148
-12 170	-11 959	1 104	-11 985	1 076	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	1 077	-11 985	1 104	-11 959	2 418
<b>117 687</b>	<b>34 028</b>	<b>31 846</b>	<b>107 363</b>	<b>143 049</b>	<b>Resultat etter tap</b>	<b>120 097</b>	<b>111 256</b>	<b>39 461</b>	<b>41 626</b>	<b>113 058</b>
19 655	6 650	7 250	22 000	20 750	Skatt på ordinært resultat	21 474	22 316	7 559	6 714	18 553
<b>98 032</b>	<b>27 378</b>	<b>24 596</b>	<b>85 363</b>	<b>122 299</b>	<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>98 623</b>	<b>88 940</b>	<b>31 902</b>	<b>34 912</b>	<b>94 505</b>
<b>98 032</b>	<b>27 378</b>	<b>24 596</b>	<b>85 363</b>	<b>122 299</b>	<b>Resultat</b>	<b>98 623</b>	<b>88 940</b>	<b>31 902</b>	<b>34 912</b>	<b>94 505</b>

## Nøkkeltal

MORBANK	3. kv. 17	3. kv. 16	Året 16	Norm 16 *
<b>RENTABILITET</b>				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,87	1,75	1,76	1,81
Driftskostnader i % av driftsinntekter	39,89	51,09	56,03	50,02
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,42	1,57	1,64	1,31
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	16,33	13,15	10,64	11,70
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	13,96	10,45	8,86	9,37
<b>FINANSIERING</b>				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	9,66	4,39	8,43	9,46
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (1000 kr)	2 198 626	2 086 845	2 092 551	
Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført Boligkreditt	8,72	7,63	8,95	10,52
Innskotsvekst i % siste 12 md.	8,04	6,37	10,04	7,93
Innskot i % av brutto utlån	84,60	85,87	85,82	83,73
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md.	7,13	3,74	5,67	8,31
Likviditetsreserve i % (LCR)	149,00	108,00	95,00	148,00
<b>SOLIDITET</b>				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	1 026 144	904 336	984 146	
Kapitaldekning i %	17,51	16,23	17,42	19,77
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)	8,79	9,50	9,19	
Eigenkapitalprosent	13,03	12,76	12,44	10,72
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,58	0,56	0,60	0,58
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,07	0,06	0,12	0,14
<b>KONSERN</b>				
	<b>3. kv. 17</b>	<b>3. kv. 16</b>	<b>Året 16</b>	<b>Norm 16*</b>
Likviditetsreserve i % (LCR)	181,00	119,00	112,00	
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	1 152 361	982 831	1 084 713	
Kapitaldekning i %	18,90	17,00	18,49	19,03
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)	9,81	10,30	10,08	

\* Bygger på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner.

## Dotterselskap Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINTEKTER	30.09.17	30.09.16	Endring	RESULTAT FØR SKATT	30.09.17	30.09.16	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	28 545	26 186	2 359	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	3 684	4 164	-480
SpareBank 1 Hallingdal Eignedom AS	4 933	5 111	-178	SpareBank 1 Hallingdal Eignedom AS	480	1 033	-553
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	1 101	1	1 099	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-217	-443	226
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	27 136	28 228	-1 092	SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	-715	-3 248	2 533
SpareBank 1 ValHall Eignedomsutvikling AS	3 022	3 993	-971	SpareBank 1 ValHall Eignedomsutvikling AS	-514	-333	-181
Sum	64 737	63 519	1 217	Sum	2 718	1 173	1 545

# Balanse per 30. september 2017 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
<b>31.12.16</b>	<b>30.09.16</b>	<b>30.09.17</b>	<b>EIGEDELAR</b>	<b>30.09.17</b>	<b>30.09.16</b>	<b>31.12.16</b>
71 508	70 181	70 387	Kontantar og fordringar på sentralbankar	70 387	70 181	71 508
359 568	393 311	396 841	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	396 866	393 343	359 583
7 685 355	7 402 259	8 117 151	Brutto utlån til og fordringar på kundar	8 017 804	7 297 319	7 582 727
-10 157	-8 963	-12 547	- Individuelle nedskrivningar	-12 548	-8 963	-10 157
-36 300	-32 800	-34 300	- Gruppevise nedskrivningar	-34 300	-32 800	-36 300
7 638 898	7 360 497	8 070 304	Netto utlån til og fordringar på kundar	7 970 956	7 255 556	7 536 270
14 246	15 482	16 746	Overtekne eigedelar	16 746	15 482	14 246
416 042	454 819	400 149	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	400 149	454 819	416 042
428 100	503 668	441 311	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	441 627	503 983	428 419
51 552	51 552	78 071	Eigarinteresser i tilknyttta selskap	168 374	140 400	148 878
47 959	37 782	48 492	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
4 560	7 051	4 560	Immatrielle eigedelar	7 066	11 248	8 548
15 455	15 566	16 312	Varige driftsmidlar	112 103	110 601	113 853
5 006	10 733	11 461	Andre eigedelar	33 335	29 295	26 103
21 224	21 009	24 294	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	54 135	46 851	45 835
<b>9 074 118</b>	<b>8 941 651</b>	<b>9 578 928</b>	<b>Sum eigedelar</b>	<b>9 671 744</b>	<b>9 031 759</b>	<b>9 169 285</b>
			<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
100 000	100 000	100 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	100 000	100 000	100 000
6 595 457	6 355 992	6 866 747	Innskot frå og gjeld til kundar	6 848 910	6 344 846	6 580 720
1 140 288	1 204 468	1 195 600	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 195 600	1 204 468	1 140 288
72 452	67 540	40 072	Anna gjeld	50 971	75 876	73 774
13 976	47 511	46 721	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	52 888	52 239	22 026
23 086	25 450	21 630	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	23 360	27 288	24 819
-	-	60 000	Ansvarleg lånekapital	60 000	-	-
<b>7 945 259</b>	<b>7 800 961</b>	<b>8 330 770</b>	<b>Sum gjeld</b>	<b>8 331 729</b>	<b>7 804 717</b>	<b>7 941 627</b>
805 700	805 700	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	805 700	805 700
11 581	11 581	11 581	Overkursfond	11 581	11 581	11 581
1 176	1 176	1 176	Kompensasjonsfond	1 176	1 176	1 176
<b>818 457</b>	<b>818 458</b>	<b>818 458</b>	<b>Sum innskote eigenkapital</b>	<b>818 457</b>	<b>818 457</b>	<b>818 457</b>
197 561	132 867	197 561	Utjamningsfond	197 561	132 867	197 561
101 802	92 965	101 802	Grunnfondskapital	101 802	92 965	101 802
11 039	11 039	8 039	Gåvefond	8 039	11 039	11 039
-	-	-	Fond for vurderingsulikheiter	90 367	88 848	97 326
-	-	-	Anna eigenkapital	25 166	-6 074	1 473
<b>310 402</b>	<b>236 870</b>	<b>307 401</b>	<b>Sum opptent eigenkapital</b>	<b>422 935</b>	<b>319 645</b>	<b>409 201</b>
-	85 363	122 299	Resultat hittil	98 623	88 940	-
<b>1 128 859</b>	<b>1 140 691</b>	<b>1 248 158</b>	<b>Sum eigenkapital</b>	<b>1 340 015</b>	<b>1 227 042</b>	<b>1 227 658</b>
<b>9 074 118</b>	<b>8 941 651</b>	<b>9 578 928</b>	<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>9 671 744</b>	<b>9 031 759</b>	<b>9 169 285</b>
			<b>POSTAR UTANOM BALANSEN</b>			
601 153	609 944	572 315	Betinga forpliktingar	572 315	609 944	601 153

## Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
<b>MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>3. kv. 17</b>	<b>3. kv. 16</b>	<b>Året 16</b>
Brutto misleghaldne lån	54 421	54 393	68 195
- individuelle nedskrivning	10 106	8 840	10 016
<b>NETTO MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>44 315</b>	<b>45 553</b>	<b>58 179</b>
<b>IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING</b>			
Brutto utlån	1 908	-	1 617
- individuelle nedskrivning	2 442	-	141
<b>NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.</b>	<b>-534</b>	<b>-</b>	<b>1 476</b>
<b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR</b>			
Endring gruppenedskrivning	-2 000	2 800	6 300
Endring individuell nedskrivning	3 477	-5 299	-4 963
Konstatert tap i perioden	6 104	9 531	12 188
Inngått på tidl.konst. tap	-1 927	-2 848	-4 377
<b>TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)</b>	<b>5 654</b>	<b>4 184</b>	<b>9 148</b>

Tlf 9150 3202  
Faks 3202 3901  
post@sb1.no  
www.sb1.no  
Foretaksregisteret  
937 889 631

Kundesenteret  
Postboks 33  
3551 Gol  
Forretningsadresse  
Postboks 173  
3571 Ål

Kontor:  
Geilo, Ål, Gol, Nesbyen, Flå, Hemsedal,  
Fagernes, Heggenes og Beitostølen

**SpareBank**  
HALLINGDAL VALDRES

